


I lag om ein god start

Plan for overgang mellom barnehage og skule
Hå kommune 2025





Alle barn fortener ein god start!

Meld.St.6

Forankring og mål

I lag om ein god start skal bidra til at barna i Hå kommune får ein trygg og god overgang frå barnehage til skule.

Barnehage og skule skal samarbeide om barna sin overgang slik det er beskrive i Barnehagelova § 2a, Opplæringslova § 4-7, Rammeplan for barnehage og Rammeplan for SFO.

Dei eldste barna i barnehagen skal få høve til å glede seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehage og skule.

Det skal vere god planlegging, samarbeid på tvers og god informasjonsflyt. Barn, elevar og føresette skal få medverka til ein god overgang. Overgangen skal vere prega av samanheng og tryggleik.

Alle barn fortener ein god start!





I lag om ein god start

Overgangen frå barnehage til skule er ein viktig milepål i eit barn sitt liv. Ein overgang kan vere både ein sårbar periode, men kan også gje moglegheit for utvikling, vekst og meistring for barnet. Det handler om å legge til rette for ein prosess der barna får avslutte tida i barnehagen på ein god måte og å gje barna tid til å tilpasse seg nye rutinar, forventningar og eit nytt miljø. Å ha gode overgangsrutinar er ein del av arbeidet med å forebygge, fange opp, følge opp og ivareta tryggleik og tilpassing.

Ein god overgang involverer både barn, tilsette og føresette. Me må vere i lag om ein god overgang der barnet si utvikling står i sentrum og kor førebuing, samarbeid, kommunikasjon og kontinuitet er viktig.

I Hå kommune har me nokre prinsipp som er viktige i overgangen.



Prinsipp for ein god overgang

- Barnet sitt beste – alle tiltak og avgjersle skal ha barnet sitt beste som hovudfokus
- Barnet si stemme – barnet skal få moglegheit til å uttrykke sine synspunkt og delta i avgjersle som angår dei sjølve
- Tryggleik - Overgangen skal vere prega av tryggleik. Trygge barn og trygge foreldre møter nye situasjonar best.
- Samarbeid - barnehage, skule og føresette skal samarbeide for å sikre kontinuitet og samanheng for barna i overgangen
- Kontinuitet – overgangen skal vere ein gradvis og kontinuerleg prosess, ikkje ei enkeltståande hending. Målet er at barna opplever ein samanheng i relasjonar, læring og miljø.
- Tilpassing – tiltak skal vere tilpassa kvart enkelt barn sitt behov og modning

Barnet sitt beste og barnet si stemme

Barnet sitt beste

Skal være et grunnleggjande omsyn.

Barn har rett til å medverka i saker som gjeld seg sjølv og dei har rett til å ytre synspunkta sine. Barn skal bli hørt og stemmen deira veklagt utifrå alder og modning.

Barnekonvensjonen art. 3 og 12

Dette seier skulestartarane:

Gler meg!

Det blir bra og gildt

Det blir gøy å leike med venner

Å finne nye venner

Gøy med friminutt!

Dette seier elevar på 1. trinn:

Det gjekk fint sidan me kjente læraren og ungane i klassen.

Alt gjekk godt fordi me hadde jo hatt skulebesøk og visste kvar me skulle vere.

Samarbeidsområde

- **Nærø**
 - Skular: Motland skule, Bø skule, Høyland skule
 - Barnehagar: Bjarhaug barnehage, Vibereiret barnehage, Breidablikk barnehage, Vigre barnehage, Motlandsmarka barnehage, Rosktoppen barnehage, Preg Tryggheimsvegen barnehage, Espira Skjeraberget barnehage
- **Varhaug**
 - Skule: Varhaug skule
 - Barnehagar: Lensmannsgarden barnehage, Varhaug idrettsbarnehage, Trekløveren barnehage, Gråtassen barnehage, Tjemslandshagen barnehage
- **Vigrestad**
 - Skuler: Vigrestad skule
 - Barnehagar: Stokkalandsmarka barnehage, Vigrestad barnehage
- **Ogna**
 - Skule: Ogna skule
 - Barnehagar: Askeladden barnehage, Måken barnehage





Skulebesøk

Skulebesøk skal bidra til tryggleik, kontinuitet og gi moglegheit for tilpassing til det enkelte barn.

I løpet av våren skal dei eldste barna i barnehagen vere med på 4 skulebesøk og besøksdag i SFO. Barna kan også få besøk i barnehagen av nokon frå skulen.

Gjennom disse besøka blir barna litt betre kjent med personalet i skulen og på SFO, og dei får treffe andre barn dei skal gå i lag med på skulen. Dei blir kjent med bygningar, klasserom og uteområde.

Det er viktig at overgangen er ein prosess og ikkje ei hending og disse tiltaka er med på å gjere nettopp dette. Barna får gode erfaringar og positive forventningar til kva som vil møte dei på skulen. Det er ein gradvis og kontinuerleg prosess som gir barna tid til å bli klar for ein god start.

Skulen kallar inn til skulebesøk, og barnehagen følger barna til besøka. Skulen sikrar at barn som ikkje har gått i barnehage, eller som går i barnehage i ein annan kommune, også får delta på skulebesøk. Dersom barnehagen ikkje kan følgje barna til skulebesøk kan føresette følgje barnet. På besøksdag i SFO er det føresette som følger barnet.



God informasjon

Barnehage og skule er ein del av eit samanhengande løp der heim, barnehage og skule har eit felles ansvar for å legge til rette for barnet si utvikling.

Informasjon er viktig i ein overgang. Barn og foreldre vil ha ulikt informasjonsbehov for å blir trygge. Dei som allereie kjenner barnet kan vite noko om kor detaljert informasjonen må vere.

Foreldre kjenner sitt eige barn best. Informasjonen dei har om barnet gir eit godt grunnlag for overgangen.

Barnehagen og skulen skal legge vekt på barnet sitt synspunkt og meininger ut frå alder og modning i overgangsarbeidet.

I Hå kommune skal difor alle få tilbod om ein overgangssamtale.

Overgangssamtale

Overgangssamtalen skal sikre samarbeid, kontinuitet, tilpassing og tryggleik. Foreldra kan ivareta barnet si stemme. Føresette i lag med barnehagen overfører nødvendig informasjon til skulen i forkant av skulestart. Målet er at skulen er best mogleg førebudd på å gi ein god start for akkurat dette barnet.

Skulen inviterer til samtalen og føresette, pedagog frå barnehagen og enten kontaktlærar eller avdelingsleiar frå skulen deltek.

I forkant av denne samtalen fyller barnehagen ut skjema *I lag om ein god start*, saman med føresette. Dette er utgangspunkt for overgangssamtalen.

Barnehagen sender skjema til skulen etter at føresette har gitt samtykke i forkant av samtalen.

Skjemaet er vedlagt denne planen i tillegg til at det ligg tilgjengeleg for barnehage/skule i Visma Flyt Sikker Sak.



Årshjul

Tidspunkt	Tiltak	Deltakarar	Ansvar
September	Barnehagane sender lister til skulane over barn som skal begynne på skule neste år, innan 15. september		Styrar
Oktober	Barnehagar og skular i kvar krins har minimum eit felles møte	Styrar og rektor	Rektor
Januar	Storsamling med fagleg påfyll i overgangsarbeidet	Pedagogiske leiarar, spesialpedagogisk team, lærarar og PPT	Adm. Oppvekst og kultur
August - juni	Skule er med på samarbeidsmøtene	Foreldre/føresette, skule, barnehage, PPT	Styrar
November - mars	Foreldremøte	Foreldre/føresette, rektor, SFO leiar, styrar blir informert om tidspunkt for møtet	Rektor
Januar - juni	Skulebesøk, 4 besøk i løpet av våren	Skule, barn i følge med barnehage/føresette	Rektor
Januar - juni	Skulebesøk til barnehagane	Skule/barnehage	Rektor /avdelingsleiar
April - juni	Overgangssamtalar	Foreldre/føresette, kontaktlærar/avdelingsleiar og evt. Pedagogisk leiar	Rektor /avdelingsleiar
Juni	Besøksdag SFO	Foreldre/føresette og barn	Rektor/ SFO leiar
Juni	Evalueringsmøte av årshjul og system for overgangane	Styrar/rektor	Styrar

Barn med behov for særskilt tilrettelegging

For barn med behov for særskilt tilrettelegging vil det nokre gonger vera behov for at informasjon og kommunikasjon starter tidleg. Enkelte barn kan ha behov for omfattande tilpassingar og det kan vera nødvendig at PPT eller andre faginstansar er ein del av dialogen kring overgangen.

Overgangen må planleggast i god tid, i nokre høve opp mot to år før overgangen barnehage – skole.

Barnehagane og skulane må vere spesielt merksame på at barn som treng særskilt tilrettelegging skal få ein god overgang

Overgangen må planleggast nøyne og i god tid. Det vil bli lagt ekstra vekt på oppfølging i overgangane for sårbare barn og unge ut frå deira behov.

Barnet si stemme skal bli høyrte, ut frå alder og modning, i overgangsarbeidet.

Årshjul

Tidspunkt	Tiltak	Deltakere	Ansvar
To år før skifte (vedtak § 31 barnehagelova)	Melding om barn med særskilte behov knytt til læring. Behov for særskilt kompetanse	Barnehage/skule/PPT	Styrar/rektor
Eit år før skifte (vedtak § 37 barnehagelova)	Melding om barn med særskilte behov for tilrettelegging av det fysiske miljøet og behov for kompetanse i personalgruppa	Barnehage/skule	Styrar/rektor
November – juni	Samarbeidsmøte for barn med behov for særskilt tilrettelegging	Barnehage/skule/førresette/kontaktlærar	Rektor
Mars	Samarbeidsmøte Lage ein plan for overgangen for barn som har hatt vedtak etter § 31, som ikkje vert vidareført i skulen	Barnehage/skule/førresette/kontaktlærar	

Samarbeid med PPT

Tilvising PPT

Barn som har hatt spesialpedagogisk hjelp i barnehagen, kan fortsatt ha behov for individuelt tilrettelagt opplæring på skulen. Skulen skal vurdere om det ordinære tilbodet kan gi tilfredsstillende utbytte og prøve ut tiltak før den ber om sakkunnig vurdering. Dette kravet gjeld ikke i dei tilfella der det er openbart at tiltak i ordinært opplæringstilbod ikkje vil gi eleven tilfredsstillende utbytte.

- Skulen sender eventuelt tilvising til PPT etter drøfting av behov for sakkunnig vurdering på samarbeidsmøte året før skulestart
- Årsrapporten som barnehagen sender til PPT dannar noko av grunnlaget for den sakkunnige vurderinga.





Hå
kommune